

Kontaktblad for  
Nr. 54 Mai 2023

# HJARTDAL HISTORIELAG

*Audun Solberg –  
historielagets  
nye æresmedlem*



*Boklansering – husmannsplassane  
i Hjartdal*


*Bygdekveld: Thorbjørn  
Aamaas om sin ukjente svigerfar*

*Nyopptrykk av  
husmannsplassbøker*

*Den gamle hovudvegen  
gjennom Sauland og Hjartdal*

*Våravslutning på  
Tjønnås økogard*

*Årsmøtet 2023 med foredrag  
om Myllarguten av  
Annfrid Berget Haukeland*



# Til jul blir det årbok av god gammal klasse!

Arbeidet med årbok er i gang igjen etter eit par år med husmannsplassbøker. Bøkene om Tuddal og Hjartdal blei ferdigstilte fortare enn nokon hadde venta.

Årets årbok blir laga over samme lest som før, og ein vil sjå at det har samla seg opp noko stoff sidan forrige bok i 2020. Vi skal ikkje røpe innhaldet her, men fleire biografiar om både kjende – og for lite kjende – hjartdølar, kan ein vente seg.

Det er gjort forandringar i årboknemnda i år. Torkjell Tjønn og Svein Bakalia har gått ut etter mange år i nemnda for dei begge. Astrid Granlund og Thorbjørn Aamaas er gode erstattarar og har funne sine roller i arbeidet.

Årboka blir eit høgdepunkt, men aktiviteten i historielaget er som vanleg stor ellers også.

Som det går fram av dette kontaktbladet har vi hatt fleire åpne arrangement i året som har gått. I tillegg har vi bruk mykje tid med det lokalhistoriske arkivet vårt. Vi håper vi kan halde offisiell åpning av arkivet utpå hausten ein gong. Det ser vi fram til!


Ein annan sak som tar mykje plass for tida er Kulturmiljøplanen. Planen har vore ei viktig sak for historielaget i mange år og vi håper kommunestyret nå kan få han til sluttbehandling innan året er omme. Det ser vi også veldig fram till!

## Nye opplag av husmannsplassbøkene frå Sauland og Tuddal

Desse bøkene blei fort utselde, og vi har fått mange spørsmål frå folk som var for seint ute til å skaffe seg bok. Det er ein stor kostnad å trykke på nytt, men vi meiner at bøkene har så stor og tidlaus verdi at dette kan forsvarast. Det er viktig at bøkene blir å få tak i også for framtida.

Vi reknar med å ha bøkene klare til hausten, og oppmodar folk om å gjere dette kjent for så mange som mulig.

Bøkene kan også førehandsbestil last hos Torkild H Mosebø (telehunden@live.no 48 00 53 40)



# Bygdekveld om ein ukjent svigerfar


Det var mange som kom på bygdekvelden og ville høre Thorbjørn Aamaas fortelje om kva han hadde funne i ei gammal kiste etter sin svigerfar. Over 50 personar hadde møtt fram på Menighetshuset i Sauland tysdag 18. april 2023.

Thorbjørn er god til å fortelje og tok for seg livet til svigerfaren som gardbrukar, anleggsarbeider og ivrig friluftsmann i Skurdalen i Hallingdal. Men han kjente ikkje til dagbøkene som blei funne i ei kiste før etter han var død. Dagbøkene avslørte ein ivrig skribent, filosof og diktar, noko som inspirerte Thorbjørn til å sette av to år til å skrive boka *Johannes Herleiksplass – Liv og dikt*.

Svigerfaren var forfattar av *Skurdalsongen* som blei sunge som allsang på møtet. Og fleire av dikta hans blei lese av Thorbjørn og av Gudrun Bø. Hjartdalskoret song *Ein kvardagstanke* av Halvor Sisjord og Ingunn Flatland, og *Kärlekens tid* av Benny Anderson og Helen Sjöholm. Koret blei leia av Bjørn Rugaas på piano. Og ikkje minst, Bygdekvinne-laget servera kaffi og smakfulle kakur i pausa.

Bygdekvelden var eit fellesarrangement mellom Sauland Bygdekvinne-lag og Hjartdal historielag og blei ein triveleg kveld med gode historiar, dikt og musikk.

Det blei også minna om at laga hadde eit arrangement saman i 1996. Den gongen var faktisk temaet korleis ei skulle få kunnskapen om dei gamle husmannsplassane fram i lyset. Om det gjekk over 25 år, så er i alle fall oppgåva løyst i dag.



# Lanseringsmøte av bok om husmannsplassane i Hjartdal

Godt over 50 historieinteresserte møtte fram på Gvammen skule onsdag kveld 19. oktober på historielagets lansering av boka om husmannsplassane i Hjartdal.

Audun Solberg har denne gongen vore aleine som forfattar og lagt ned eit omfattande arbeid for å få registrert rundt 175 husmannsplassar i Hjartdal. Boka har ein eigen omtale av kvar plass, eit rikhaldig bildematriale og oversiktlege kart og har blitt ein viktig dokumentasjon av husmannsvesenet i bygda.

På møtet fortalte forfattaren om husmannsvesenet og viste lysbilde fra plassane.

Bjørn Fauske Lysdahl stod for underhaldninga med fine viser og godt gitarspel.

Kaffi og rundstykke kom på bordet i pauza og praten gjekk livleg.

Svein Bakkalia leia møtet og viste til at dette var ein stor kveld for Hjartdal historielag. Dette er den tredje husmannsplassboka frå historielaget og registreringa av om lag 475 husmannsplassar i Hjartdal kommune er nå slutført.

Varaordførar Nils Olav Hovde takka



frå kommunen for det store bidraget til lokalhistoria. Han gav velfortente blomster til forfattarane Torkel Hytta, Torkjell Tjønn og Audun Solberg og til Leif Skoje som har stått for utforminga av alle tre bøkene.

Medlemmar fekk boka gratis og mange kjøpte boka etter at møtet var over.

Opplaget er på 550 og er lagt ut for salg i butikkane i Sauland, Hjartdal og Tuddal og i bokhandlarane på Notodden, Seljord og Bø.



# Referat frå årsmøte 2023:

## Nytt æresmedlem og foredrag om Myllarguten



Møtet var på Sauland Menighetshus tysdag 7.mars 2023 og det var 32 frammøtte.

### 1. Åpning

Svein Bakkalia ønskte foredragshaldaren Annfrid Berget Haukeland og alle frammøtte velkommen.

### 2. Innkalling og saksliste

Innkallinga og sakslista blei godkjent.

### 3. Valg av møteleiar og referent

Svein Bakkalia blei valgt til møteleiar og Torkjell Tjønn til referent.

Før vi gjekk vidare i årsmøteprogrammet kunngjorde møteleiaren at Audun Solberg er utnemnt til æresmedlem i Hjartdal Historielag.

Audun Solberg har gjort ein stor innsats som forfattar av fleire arti-

klar til årbøkene og ikkje minst gjort eit omfattande arbeid med dei tre husmannsplass-bøkene. Han har stor interesse for arkeologi og har farta rundt i bygdene og leita etter gravrøyser, kolgroper, jernvinne og gruver.

Han fekk overrekt eit fint diplom laga av kalligrafen Borghild Telnes og fekk ein velfortent applaus frå forsamlinga. Audun Solberg uttrykte stor takk for å bli utnemnt til æresmedlem noko han sette stor pris på.

### 4. Årsmelding 2022

Torkjell Tjønn las opp årsmeldinga 2022. Den blei godkjent.

### 5. Rekneskap 2022

Torkild H.Mosebø gjekk gjennom rekneskapet for 2022. Det blei godkjent.



## **6. Budsjett 2023**

Torkild H.Mosebø gjorde greie for budsjettet for 2023. Det blei godkjent.

## **7. Valg:**

Ingen frå valgkomiteen var til stades så møteleiaren las opp valgkomiteens innstilling.

Desse var på valg:

Svein Bakkalia, leiar, attvalgt for 1 år etter eige ønske.Torkjell Tjønn, styremedlem, attvalgt for 2 år.Torgunn Opsal, styremedlem, attvalgt for 2 år.Tone Stuvrud, varamedlem, attvalgt for 2 år.

Valgkomite:Kari Timland, valgt for 2 år. Ho erstattar Ingebjørg Bjørnstad som hadde fråsagt seg attvalg. Audun Darrud, attvalgt for 1 år etter eige ønske.

Styret for 2023 med varamedlemmer og valgkomite blir da slik:

Leiar: Svein Bakkalia 1 år

Styremedlemmer:

Audun Solberg 1år

Torkild H Mosebø 1 år

Ole G Rue 1 år

Torkjell Tjønn 2 år

Torgunn Opsal 2 år

Varamedlemmer:

Olav Langåsdalen 1 år

Tone Stuvrud 2 år

Valgkomite:

Audun Darrud 1 år

Gunvor Prestårhushus 1 år

Kari Timland 2 år

Revisor: Gunvor Prestårhushus 1 år

## 8. Avslutning

Møteleiaren takka Ingebjørg Bjørnstad for arbeidet i valgkomiteen. Ho var ikkje tilstades så ho vil få blomster ved eit seinare høve.

Så var det pause med kaffi og kaker og prat ved borda.

Etter pauza heldt Annfrid Berget Haukeland eit interessant foredrag om Torgeir Augundson, betre kjent som Myllarguten, ein av 1800-talets meisterspelemenn. Ho har gjeve ut ei bok om Myllarguten. Han blei tidleg oppteken av felespel og allereie som 8-åring spela han i bryllaup. Foredragshaldaren er sjølv i slekt med

Myllarguten, han var oldefar til hennar bestemor. I foredraget tok ho for seg livshistoria til Myllarguten frå han var fødd i Sauherad til han døydde på Øygarden i Arabygdi. Ein bolk omhandla medspelarane til Myllarguten og da spesielt Ole Bull som var ein viktig støttespelar og ein god ven.

Til slutt takka Svein Bakkalia foredragshaldaren for eit godt foredrag med eit fengande tema. Ho fekk fortent applaus og blomster for innsatsen. Svein Bakkalia takka alle for frammøtet og ønskte vel heim.

*Torkjell Tjønn  
referent*

## Hjartdalskalenderen

Hjartdalskalenderen 2023 frå Hjartdal historielag er fortsatt i salg i butikkane i Hjartdal, Tuddal og Sauland, i tillegg til bokandelen på Tuvensenteret og i Seljord. Pris: 100 kr.

Kalendernemnda i år var: Kjetil Frøland, Tor Djupedal, Gunvor Prestårhus, Tone Stuvrud, Ivar T Dahl, Svein Bakkalia og Leif Skoje.

### HJARTDALKALENDEREN 2023



Slættfestival i Hjartdal. Iosen ein slættfestival i Hjartdal blei det alver av i 2001. Her er fire av dei som deltok berørt året. Lengst til venstre er den rette slægget. Langs opp statuen, herregjort trevirke med treskrader av handverk. Karen til høgre har som slakken var brynselens, også kalla brynseskrog. Denne var svæpa med brynselens og var fylt med vann. Frå venstre Tone Gunnar Bratberg, Kristian Samstrand, røkkeljungsmusikarane Axel Dahl og Bjørn Dahl. Bildet er frå framtoninga i vitheisen i Hjartdal, ein stell på Sud-Sørlandet. Tor Djupedal eng bildet.

# Sommar- avslutning på Tjønnås Økogard



Sommaravslutninga for styret i fjar vår blei halde på Tjønnås Økogard tysdag 28.juni med Torild Mørinichen og Gunleik Skårdal som vertskap. Saman med historielagets æresmedlemmar som var innbedne saman med ektefeller, blei vi vist rundt og fortald om den gamle garden. Vi fekk servert fortrefleleg kortreist gardsmat og fekk også ein slått på feler av det trivelege vertskapet.

Tjønnås er eit gammalt bondegods frå 1500-talet som ligg på nordsida av Skogsfjell, ca 400 m.o.h., og har vore ein av dei største skogeigedomane i kommunen. Hjartdal kommune kjøpte ein del av skogen i 1915 og resten av eigedomen på om lag 10 000 mål i 1939.

Jordvegen og rundt 1000 mål skog blei skilt ut og kjøpt av Gunleik O Skårdal i 1942. Han var bestefar til



Gunleik S Skårdal som overtok i 1982 og som driv garden nå saman med kona Torild. Sauehald, litt skogsdrift og gardsturisme er viktigast i dag.

Husmannsplassar som er skilt ut frå Tjønnås er Øvre Tjønnåsdalen, Ned-Dalen, Tåterhus og Geitebuden.

Torild og Gunleik har satsa på økologisk drift og gardsturisme. Dei


har nyleg fått bygd eit lafta gjestehus, Tusilgard og har eit serveringshus med ein steinomn for baking av brød og anna. Her fekk vi kjøpt nybakt speltbrød, ost, honning, eplemost, fenalar, garn frå grå trøndersau mm.

Dei fleste av oss fekk med seg noko av desse godsakene heim for eit utsøkt måltid med skikkeleg gardsmat!

## Den gamle hovudvegen

Hjartdal kommune sin Kulturmiljøplan er fortsatt under arbeid. Historielaget har med tre deltakarar i prosjektgruppa, Ingunn Hovde, Audun Solberg og Svein Bakkalia. Hans Jørgen Aase er prosjektleiar. Tidspunkt for når Kulturmiljøplanen blir lagt ut til høring og til behandling i kommunestyret er ikkje fastsett, men vil truleg bli i løpet av året.

Historielaget har ansvar for gamle ferdsselsvegar i planen. Dette arbeidet er heller ikkje ferdig, men vi er godt i gang. Her tar vi med utkast til omtale av ein av dei viktigaste vegane, hovudvegen mellom Sauland og Hjartdal. Denne vegen viser seg å vere ein svært gammal ferdsselsveg mellom Austlandet og over nordmannaslepane til Vestlandet.



## Den gamle hovudvegen gjennom Sauland og Hjartdal

Det har gått ein ferdsselsveg gjennom Sauland og Hjartdal i fleire hundre år, frå grensa mot Heddal ved Omnesfossen til Svartdal.

Biskop Jens Nilssøn skildrar i sine reiseopptegnelser reiseruta gjennom Hjartdal og Sauland i 1595. Vegen gjekk forbi Tho til Hjartdal kyrkje og videre høgare i terrenget enn i dag til Mæland og Berge. Frå Gvammen gjekk vegen frå Hjartsjø, forbi Lonar over Sjotmoen til kyrkja i Sauland, videre til Skogså og over eit «slemt» elveavad i nord til Skoje, over Ålamoen til Omnesfossen og Ørvella.

Vegen var viktig for reisande frå Christiania og Kongsberg over Melheia, mange kom også vassvegen frå Grenland til Heddalsvatnet.

Meir ukjent er ferdsla mellom Telemark og Numedal som kan førast heilt tilbake til sagatida.


Den nordaustre delen av fylket hørte frå det 12. til det 16. århundret under Hamar bispedømme og førte med seg stor ferdsel frå Numedal, enten frå Tessungdalen over Tinnsjøen til Gransherad, eller over fjellet til Tuddal, eller forbi Bolkesjø til Hjartdal og videre over fjellet mot Vestlandet.

Hovudvegen gjennom Sauland og Hjartdal er nedteikna på eit vegkart

frå 1823 med samband over Kvambekk i Åmotdal til Rauland. Han blir rekna blant dei eldste ferdsselsvegane i Øvre Telemark opp mot Nordmannsslepa over vidda til Vestlandet. Ei av desse slepene hadde namnet Telemarksslepa og gjekk frå Totakvatnet til øvst i Haukeligrend og vidare innover høgfjellet til Suldal.

Det er lite vegbygging i Bratsberg amt i dei tre første tiåra av 1800-talet, og den einaste som bryt mønsteret med utbygging av vear langs vassdraga er vegen gjennom Sauland og Hjartdal til Seljord. Dette var den første kjørevegen gjennom Seljord og videre til Vrådal. Vegen gjekk lenge forbi Skoje og over Skogså, men har blitt lagt om fleire gongar. I 1861 blei det bygd bru over Rohølen ovanfor Omnesfossen og vegen lagt over Landsverk-jordet. (Sjå illustrasjonar) Rester av brukara står der enda. Denne bruva var i bruk fram til ny Landsverk bru kom i 1895 og vegen lagt om på andre sida av elva der han gjeng i dag.

Dei mest synlege omleggingane videre oppover er langs elva forbi Sud-Øyen, der vegen før 1912 gjekk over Sjotmoen og videre på nedsida av gardane i Lonargrenda. Fram til tidleg på 1900 talet gjekk vegen gjennom Hjartdal høgare oppe i dalsida til kyrkja og videre til Ambjørndalen.



# Svein Vetle Trae 1955–2023

Svein Vetle Trae døydde 19.mars etter å ha levd mange år med sviktande helse. Ikkje minst i desse siste åra gjorde han ein stor og uvurderleg innsats i arbeid med historia om krigen og motstandsarbeidet i Øvre Telemark. Andre historiske tema var han også innom og skreiv artiklar og produserte mange informasjonstavler, plakettar og vegskilt til krigsminna på historiske stader.

Det aktive livet hans som militær, friluftsmann, lærar, miljøkonsulent, rektor mv. er godt dekt i minneord rundt omkring, men fra Hjartdal historielag må Svein Vetle minnast som aktiv medlem, alltid interessert og ein viktig bidragsytar både som foredragshaldar og som frambringar av stoff til arkivet.

Først og fremst må nemnast boka *Skriften på veggen* som blei utgitt i samarbeid med Hjartdal historielag under frigjøringsjubileet 1995, der han også var leiar av dei mange arrangementa i hjartdalsbygdene. Boka var mykje av grunnlaget for den meir omfattanda boka *Lamplight* som kom i seinare år.

Vi er mange som vil sakne Svein Vetle.



Eitt av sine tallause foredrag om krig og motstand heldt Svein Vetle for Hjartdal historielag i 2018.

"*Skriften på veggen*" blei utseld og trykt i nytt opplag.



## Historielagets kulturminnerefond

Vi minner om at laget har avsett nokre kroner til økonomisk stønad til vern av ulike former for kulturminne i Hjartdal kommune.

I år har vi fått fleire søknader, og vi har støtta:

- 1 Datering av slaggområde ved Åsen i Tuddal v/Audun Solberg (7000 kr)
- 2 Restaurering av gammal Ford-traktor med knottgenerator v/Hjartdal gamalteknisk forening (5000 kr)
- 3 Skilting av husmannsplassar og stule ved Tjønnås v/Tjønnås økogard (4000 kr)

# Årsmelding for Hjartdal historielag 2022

Ofte har vi trykt lagets årsmelding i kontaktbladet, men vi brukar ikkje plass på dette i år sidan vi er ute med årbok igjen. I årboka til hausten har vi årsmelding for 2022 og i tillegg for dei to åra vi var utan årbok.

## Kontingent 2023

Som vi har gjort nokre gonger tidlegare, sender vi ut kontaktbladet til alle husstandar i kommunen. Vi ser gjerne at så mange som mulig støttar laget med å betale kontingent. Dette er utan forpliktsar, og ein mottar gratis årboka som er omtala på side 2 i bladet.


Medlemskontingensten er 300 kroner. Historielaget vil halde fram med rimelege arrangement og bokutgjevingar.

Vi ser gjerne at de hjelper til med å verve nye medlemmer. Tenk særleg på familie og kjenningar utanbygds!

## Internett og datahjelp

Vi minner om historielagets facebookside: [facebook.com/hjartdalhistorielag](https://facebook.com/hjartdalhistorielag) og vår faste side [hjartdalhistorielag.no](http://hjartdalhistorielag.no). Her kan du finne bilde, arrangementsmeldingar og innlegg av mange slag.

Ofte viser vi til interessant stoff på nettet. Vi veit at ikkje alle er i stand til å finne ut av dette, derfor må ein ikkje vere redd for å spørje venner og kjente om hjelp. Ein kan også kontakte frivillighetssentralen om hjelp til dette.



## HJARTDAL HISTORIELAG

*Leiar: Svein Bakkalia, Eikeskartunet 9, 3684 Notodden  
Tlf.: 97535468 svein.bakkalia@online.no*

*Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje  
Tlf.: 48237883 skoje@online.no  
<http://www.hjartdalhistorielag.no>  
Hjartdalbanken 2699 07 04332*

*Bladet blir sendt alle medlemmer  
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgi kjelde  
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet*